



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Anniken Friis, 5557 2313

Vår dato
21.04.2016
Dykkar dato
23.02.2016

Vår referanse
2015/6232 563
Dykkar referanse
15/2028

NVE - Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Tilleggssøknad - Bygging av 132 kV kraftline frå Dalsbotnfjellet vindkraftverk til Frøyset transformatorstasjon - Gulen og Masfjorden kommunar

Alle alternativa er i konflikt med landskap, friluftsliv og opplevingsverdi, og vil føre til oppsplitting av store samanhengande naturområde. Konsekvensutgreiinga gir ikkje grunnlag for å vurdere alternativa fullt ut. NVE bør vurdere å sette krav om utgreiing av alternativ som går lenger vest, og vurdering av samla belastning på landskap. Det må setjast vilkår som reduserer fare for kollisjon med fugl.

Bakgrunn

Søknad om bygging av ny 132 kV kraftline frå Dalsbotnfjellet vindkraftverk i Gulen kommune til Frøyset i Masfjorden var til høyring i 2015. Lina skal byggjast med H-master i tre med hengande isolatorer.

Høyringa viste lokal motstand mot å føre lina gjennom Myrdalen i Masfjorden. Søkjar har no utarbeidd tilleggssøknad som viser alternative trasear i dette området. Alternativ 2 og alternativ 3 går begge på vestsida av Myrdalen, men alternativ 2 kryssar dalføret i inste del over til Grindebotnen, og følgjer opphaveleg traseforslag (alternativ 1) vidare nordover. Store deler av traseen vil liggje på høgdedrag mellom 300 og 600 moh.

Konsesjonssøknaden omfattar alle alternativ, med søkjar held no alternativ 3 som det primære.

I opphavleg søknad frå 2015 var det presentert ein alternativ trase 2a som går lenger vest og i større grad følgjer eksisterande 22 kV line. Denne er ikkje omsøkt.

Konsekvensutgreiinga

Meldinga som låg til grunn for konsekvensutgreiinga knytt til Dalsbotnfjellet vindkraftverk viste kart med aktuell trase for mogleg overføringsnett til Frøyset i Masfjorden. På denne bakgrunn vart det ikkje stilt krav om ny melding knytt til planlegging av kraftlina. Konsekvensutgreiinga som ligg til grunn for søknaden er basert på KU-program for vindkraftverket, fastsett av NVE 12. oktober 2011. Fylkesmannen i Hordaland var ikkje

høyringspart i meldingsfasen for KU-programmet. Fylkesmannen vil trekke fram følgjande krav om bruk av metode i vedteke KU-program:

- Landskap: Ved hjelp av fotorealistiske visualiseringar skal tiltakets visuelle virkningar synleggjorast frå nær avstand (opp til ca. 2-3 km) og midlere avstand (frå ca. 3-10 km).
- Friluftsliv og ferdsel: Direktoratet for naturforvaltnings håndbøker nr. 18 "*Friluftsliv i konsekvensutredningar etter plan- og bygningsloven*" (2001) og nr. 25 "*Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde*" (2004) kan benyttes i utredningen. Viktige område skal visast på kart.
- Inngrepsfrie naturområde og verneområde: Tiltakets virkning for inngrepsfrie naturområde skal beskrivast kort. Reduksjon av inngrepsfrie naturområde skal tall- og kartfestast.

Fylkesmannens vurdering av alternativa

Store samanhengande naturområde, landskap og friluftsliv

Alle foreslåtte traseval for kraftlina vil gå gjennom fjellområdet mellom Austgulfjorden og Sleire, eit område som i dag ikkje har større tekniske inngrep. Samla storleik på inngrepsfritt naturområde (INON-område sone 2) vil verte redusert monaleg. Dette er omtala i konsekvensutgreiinga, men det er ikkje lagt fram tal på redusert INON-område eller utarbeidd kart som viser konsekvensane, jf. krav i KU-programmet.

Fylkesmannen vil peike på at det inngrepsfrie området blir splitta i to delområde. Truleg vil alternativ 2 og 3 føre til at mestparten av vestre del ikkje lenger vert regna som inngrepsfritt. Dette er uheldig. Vi viser til at bygging av energianlegg bidrar i vesentleg grad til å redusere omfanget og kvaliteten på større samanhengjande naturområde i landet. Når det gjeld Nordhordland er det gitt konsesjon til ny 440 kV kraftline frå Modalen til Mongstad, og det er ligg føre planar for mange nye småkraftverk i regionen. Dette gjer at det er viktig å vurdere samla belastning på naturområde og landskap.

Søkjardet har ikkje utarbeidd fotorealistsike visualiseringar som viser inngrepa, og søknaden gir soleis lite grunnlag for å vurdere landskapsmessige verknader av tiltaket. I konsekvensutgreiinga er landskapet skildra i ulike delområde. Konsekvensar for landskapet er sett til middels negativt. Alternativ 1 ligg lågare i terrenget, og har etter konsulentens si vurdering liten/middels negativ konsekvens for landskapet.

Myrdalen og fjellområda kring dalføret har stor lokal verdi for friluftsliv. Høyringsuttaler i saken viser at lokalmiljøet går imot bygging av kraftline gjennom sjølve Myrdalen. Dei nye alternativa 2 og 3 går utanom dalføret og søkjardet vurderer difor desse som mindre konfliktfylte enn alternativ 1. I konsekvensutgreiinga vert omsyn til landskap og inngrepsfri natur vektlagt høgare, og konsekvensane er sett til liten /middels negativ.

Fylkesmannen vil vise til at det går etablerte turstiar også på fjellområda rundt Myrdalen, til dømes frå Tangedal til Storenova. Det er ikkje utført ny kartlegging og verdsetting av friluftsområde i tråd med Miljødirektoratet si handbok om kartlegging og verdsetting av friluftsområde¹. Ein har difor ikkje ny og oppdatert informasjon om turområda som bli berørt av tiltaket.

¹ [Revidert versjon](#) M 98 2014)

Fylkesmannen viser til at alle alternativa vil vere i konflikt med friluftsliv, opplevingsverdi og landskap. Konsekvensutgreiinga er etter Fylkesmannen er mangelfull. Vi legg til grunn at NVE vil gjennomføre synfaring før ein tek stilling til konsesjonssøknaden. Etter vår vurdering bør søkjar påleggjast å utgreie alternativ lenger vest, jf. alternativ 2a, i tillegg til omsøkte alternativ. Det må leggjast fram oversikt og vurdering av samla belastning på landskapet i regionen.

Biologisk mangfald

Bygging av lina vil føre til kollisjon med fugl. I følgje konsekvensutgreiinga vil langsiktige verknader for lokale hekkefuglar likevel vere små. Konsekvensar er sett til lite – middels negativt for alle alternativ. Ved ein eventuell konsesjon NVE bør sette vilkår avbøtande tiltak, til dømes vurdere å fjerne jordline i luft.

Samandrag

Alle alternativa om ny kraftline frå Dalsbotnfjellet vindkraftverk til Frøyset transformatorstasjon er i konflikt med landskap, friluftsliv og opplevingsverdi, og vil føre til oppsplitting av eit stort samanhengande naturområde. Konsekvensutgreiinga gir ikkje tilstrekkeleg grunnlag for å vurdere alternativa fullt ut. NVE må vurdere samla belastning på landskap før ein gjer vedtak i saka. Fylkesmannen ber NVE vurdere krav om utgreiing av alternativ som følgjer eksisterande kraftline, jf. alternativ 2a. Ved eventuelt vedtak om konsesjon må det setjast vilkår for å redusere fære for kollisjon med fugl.

Med helsing

Kjell Kvingedal
miljøvernssjef

Anniken Friis
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

| | | | |
|---|---------------------|------|-------------|
| Forum for Natur og Friluftsliv i Hordaland v/ Bergen Turlag | Tverrgt. 4/6 | 5017 | BERGEN |
| Tove Kristin Sleire Tistel | | | |
| Fylkesmannen i Sogn og Fjordane | Njøsavegen 2 | 6863 | Leikanger |
| Masfjorden kommune | Austfjordvegen 2724 | 5981 | MASFJORDNES |
| Hordaland fylkeskommune | Postboks 7900 | 5020 | Bergen |